

ÅRSMELDING

2017



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokn

1 .0 INNLEIING OG GENERELT

Personale

Vi har hatt nyttilsetting i organiststillinga frå 1. november og tilsetting i prosjektstillinga i gravplassadministrasjonen frå 28. juni. Kyrkjelydspedagogstillinga har vore vakant sidan 1. mars.

Økonomi

Soknet hadde eit mindreforbruk (overskot) på 1.401,- i drifta.

Investeringsrekneskapen for 2017 går i balanse etter nettoavsetning kr 458.850,- til ubunde investeringsfond.

Investeringsprosjekt

Det har vore eit høgt investeringsnivå i 2017, med totalt kr 5, 73 millionar investert i anleggsmiddel. Eitt av dei planlagde prosjekta måtte ein utsetje til seinare realisering (parkeringsplass Vilnes).

Gravplassforvaltning

Arbeidet med opprydding i gravregisteret, herunder kartlegging av festarar og gravansvarlege og reetablering av tidlegare utløpte festeavtalar, heldt fram gjennom 2017. I løpet av året var det 134 utfakturerte festetilbod og totalt 84 gamle graver vart sletta i løpet av året.

2.0 ORGANISASJON

2.1 Askvoll sokneråd

Askvoll sokneråd er det lokale kyrkjestyret for Askvoll sokn. Soknerådet har både sokneråds- og fellesrådsfunksjon. Som sokneråd har rådet ansvar for å nærme det kristelege livet i soknet og som fellesråd skal rådet forvalte dei kyrkjelege eigedommane i soknet (kyrkjebygg og gravplassar), arbeidsgivaransvar for dei som er tilsett i lokalkyrkja, forvalte lokalkyrkja sin økonomi, vere gravplasstyresmakt og ivareta soknet sine interesser overfor kommunen.

Valde medlemmer

Jostein Gryte (leiar)
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar)
Harriett Norstrand
Halldis Rørvik
Arne Fedøy
Aud Eldrid Frøholm
Ingvild Loftheim
Leif Jørgen Leknes
Terje Mork
Else Stølen
1. vara Karen Anny Espedal
2. vara Sissel Hege Igland
3. vara Eva Iren Landøy
4. vara Egil Helge Tjønneland
5. vara Arne Martin Tjugum

Kommunen sin representant

Anne Grethe Lien
Åge Guddal (personleg vara). Død desember 2017)

Geistleg representant

Stein Hugo Fykse
Reidar Knapstad (personleg vara)

Sekretær for rådet og dagleg leiar for verksemda

Rune Ziener

2.2 Soknerådsmøte og soknemøte

I 2017 var det 7 soknerådsmøte, og det vart handsama 50 saker (både sokneråds- og fellesrådssaker i møta). Det var soknemøte/årsmøte i Askvoll kyrkje 10. april med 14 møtande med stemmerett.

2.3 Utval og komitéar

Administrasjonsutval

Jostein Gryte (leiar) med Aud Frøholm som varamedlem
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar) med Terje Mork som varamedlem
Oddgunn K. Grane som representant for dei tilsette
Rune Ziener

Forhandlingsutval

Wenche Ness Gabrielsen (leiar) med Terje Mork som varamedlem
Jostein Gryte (nestleiar) med Aud Frøholm som varamedlem
Rune Ziener

Arbeidsutval

Jostein Gryte (leiar)
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar)
Stein Hugo Fykse
Rune Ziener

Kyrkjelydsutval

Askvoll	Vilnes	Holmedal
Ingvild Loftheim	Else Stølen	Terje Mork
Aud Eldrid Frøholm	Gunn Sætre	Kari Berit Ness
Oddgeir Askevold	Agnar Vilnes	Jorunn Bull
Ingvild Strømmen	Edvin Landøy	Anne Grethe Lien
Arne Tjugum	Kjellaug Vilnes	Karen Espedal
Liv Hushagen	Esther Hugøy	

Kvammen	Bulandet
Marit Leknes Gryte	Arne Fedøy
Halldis Rørvik	Tone Nybø
Harald Ålen	Kathrin Sunde Rogne
Atle Selvik	Magnar Hillesøy
Leif Leknes	Synnøve Melvær
	Marit Veim Thistel
	Målfrid Hittun Fedøy

I Stongfjorden og Værlandet er det ikkje eige kyrkjelydsutval.

Trusopplæringsutval

Harriett Norstrand
Sigrid Lunde
Sidsel Anita Itland
Marit Veim Thistel
Ragnhild Stav (slutta i løpet av året)

3.0 ADMINISTRASJON OG TILSETTE

Tilsette i soknet pr. 31.12.2017

Funksjon	Årsverk 2017	Årsverk 2016	Årsverk 2015	Årsverk 2014
Kyrkjeleg administrasjon	1,8	1,7	1,7	1,7
Kyrkjer	0,7	1	1	1
Gravplassar	0,7	0,7	0,7	0,7
Anna kyrkjeleg verksemd	0	0,5	0,5	0,4
Sum fastlønn	<u>3,2</u>	<u>3,9</u>	<u>3,9</u>	<u>3,8</u>
Timetilsette	Ca 0,55	Ca 0,55	Ca 0,55	Ca 0,55
Sum årsverk inkl. timetilsette	<u>3,75</u>	<u>4,45</u>	<u>4,45</u>	<u>4,35</u>

Kyrkjekontoret held til i sentrum av Askvoll (i gamle heradsheimen), der ein disponerer 6 kontorplassar og møtelokale.

Askvoll sokneråd er medlem av Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA) og er omfatta av KA sitt tariffområde.

Dei tilsette har pensjonsordning i KLP.

HMT-rapport 2017 (2016-tal i parentes)

HMT-årsrapport	Kartlagt/avdekkede avvik	Lukking/plan for lukking av avvik
Sjuefråver relatert til arbeidsmiljøet	0	-
Avviksmeldingar	0	-
Skademeldingar	0	-
Vernerunderapport	-	-
Tilstandsrapport – psykososial kartlegging	-	-
Sjuefråversprosent		13,9 (6,15)

Merknad til HMT-rapporten: I 2017 har ein ikkje klart å følge opp gjeldande HMT-plan for verksemda.

4.0 KYRKJELEG VERKSEMD

4.1 Gudstenester og kyrkjelege handlingar. Statistikk

4.1.1 Gudstenester

Kyrkje/kapell	Tal gudstenester					Tal deltakarar					Nattverdgjestar				
	2017	2016	2015	2014	snitt	2017	2016	2015	2014	snitt	2017	2016	2015	2014	snitt
Askvoll	23	27	27	15	23,0	1782	2172	1593	1403	1738	308	404	406	151	317
Vilnes	14	14	13	11	13,0	624	672	677	685	665	94	139	54	121	102
Holmedal	14	15	14	18	15,3	627	1008	1102	1441	1045	221	382	198	328	282
Kvammen	7	14	16	14	12,8	401	764	981	807	738	102	185	142	236	166
Stongfj	4	3	3	6	4,0	117	183	206	183	172	16	14	15	53	25
Værlandet	0	1	1	5	1,8	0	33	147	305	121	0	0	0	36	9
Bulandet	12	12	14	11	12,3	723	771	665	494	663	252	159	260	218	222
Sum	74	86	88	80	82,0	4274	5603	5371	5318	5142	993	1283	1075	1143	1124

Inkludert i tal gudstenester er nattverdgdustenester, familiegudstenester (inkludert julaftan), skulegdustenester, og ikkje forordna gudstenester.

Skulegdustenester:

I Askvoll og Vilnes var det to skulegdustenester med til saman 315 deltakarar.

Andakter/nattverdgdustenester på Askvollheimen:

Det har vore ti andakter (seks med nattverd) på Askvollheimen med totalt 141 (med 116 til nattverd) til stades. Desse tala er ikkje med i statistikken ovanfor.

Snitt deltakarar per gudsteneste:

	2017	2016	2015	2014	Snitt pr. stad
Askvoll	77,48	80,44	59,00	93,50	76,25
Vilnes	44,57	48,00	52,08	62,27	57,18
Holmedal	44,79	67,20	78,71	80,06	79,39
Kvammen	57,23	54,57	61,31	57,64	59,48
Stongfjorder	29,25	61,00	68,67	30,50	49,59
Værlandet	n/a	33,00	147,00	61,00	104,00
Bulandet	60,25	64,25	47,50	44,91	46,21
Snitt pr. år	52,26	58,35	73,47	61,41	67,44

4.1.2 Kyrkjelege handlingar

Kyrkje/kapell	Døyppte*					Konfirmerte				
	2017	2016	2015	2014	snitt	2017	2016	2015	2014	snitt
Askvoll	9	13	15	8	11	12	12	6	7	9
Vilnes	2	11	8	5	7	10	9	6	7	8
Holmedal	5	4	4	4	4	7	6	8	9	8
Kvammen	1	3	10	3	4	1	7	6	3	4
Stongfjorden	2	0	2	0	1	0	3	4	2	2
Værlandet	2	1	0	0	1	0	0	4	1	1
Bulandet	2	7	1	0	3	7	3	2	3	4
Sum	23	39	40	20	31	37	40	36	32	36

Kyrkje/kapell	Vigde					Gravlagde**				
	2017	2016	2015	2014	snitt	2017	2016	2015	2014	snitt
Askvoll	4	5	1	2	3	17	13	19	16	16
Vilnes	0	0	0	2	1	3	2	7	6	5
Holmedal	1	2	1	2	2	10	5	6	8	7
Kvammen	1	0	0	1	1	7	3	2	3	4
Stongfjorden	0	0	0	0	0	6	2	3	7	5
Værlandet	0	0	0	0	0	0	3	2	2	2
Bulandet	0	0	3	0	1	3	8	4	2	4
Sum	6	7	5	7	6	46	36	43	44	42

* I tillegg til talet døpte her var det to som vart døpte utanfor soknet.

** I tillegg til talet gravlagde i tabellen var det til saman tre gravleggingar i kategoriene ikkje-kyrkjeleg ordning/urnenedsetting.

4.2 Trusopplæring

Oversikt over trusopplæringstiltak som er gjennomført i soknet i 2017

Trass at ein ikkje har hatt kyrkjelydspedagog siste 10 månader av 2017, har ein fått gjennomført fleire trusopplæringstiltak.

Alder	Namn på tiltak	Fra plan	Tal samvær	Omfang i timar
0 - 1	Dåpsfase	Med Jesus vil eg leve.	2	3
2	2-års samling	Med Jesus vil eg leve.	1	1
4	Utdeling av 4-års bok	Med Jesus vil eg leve.	1	2
6	Utdeling av 6-års bok	Med Jesus vil eg leve.	1	2
13	Middag og misjon	Med Jesus vil eg leve.	1*	2,5
14 - 15	Konfirmasjon	Med Jesus vil eg leve.	21**	60
Total			27	71,5


*Tiltaket kansellert grunna for låg påmelding.

**Samvær inneber her både konfirmantundervisning, leirhelg og nattcup, og deltaking på gudstenester

Oversikt over tal deltakarar per tiltak og oppslutnad i høve til målgruppa (årskulla i soknet)

Tiltak	Tal deltakarar	Tal jenter	Tal Gutar	Deltaking prosent	Tal i målgruppa
Dåp	25	4	21	139%	18
2-årssamling	10	3	7	37%	27
4-årsbok	11	7	4	52%	21
6-årsbok	16	8	8	67%	24
Konfirmasjon	37	21	16	95%	39
Total	99	43	56	77%	129

Grafen nedanfor viser korleis det totale volumet trusopplæringstimar (timetal i tiltaket X tal deltakarar), 2896 timar er fordelt på type tiltak.



4.3 Kyrkjemusikk

Soknet arrangerte fire kyrkjekonsertar/musikkandakter i eigen regi i 2017. Totalt frammøte for desse var 323 besøkande.

Utanom dette vart det arrangert to kyrkjekonsertar ved eksterne arrangørar med totalt 400 besøkande.

4.4 Diakoni

Framleis har ein ikkje fått etablert eit diakoniutval i soknet, og ein har heller ikkje nokon vedteke diakoniplan.

4.5 Misjon

Soknerådet har misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap og støttar prosjektet *Barn og unge i Thailand*. Totalt innsamla kyrkjeoffer til kyrkjelydens misjonsprosjekt var kr 13.217,- fordelt på sju gudstenester.

4.6 Profilerings og kommunikasjon

Kyrkjeblad

I 2017 fekk ein gitt ut tre nummer av kyrkjeblad for Askvoll.

Dette er i tråd med innsparingstiltaket, der ein har redusert målsettinga med eitt nummer pr. år grunna tidlegare underskot i bladfinansieringa.

Finansiering av trykkinga skjer ved frivillig bladkontingent, annonser, kyrkjeofringar og gåver. I 2017 hadde ein eit overskot på kr 6.209,- for kyrkjebladet, sett i bunde fond for kyrkjeblad.

Heimesider

Frå mars 2014 fekk ein etablert egne heimesider for soknet. Heimesidene er tenkt å vere den grunnleggjande informasjonsbasen, der publikum kan søkje opp relevant informasjon om soknet si verksemd. Talet unike besøkande ligg på gjennomsnittleg 270 personar pr. måned (349 i 2016), med gjennomsnittlig 1384 sideoppslag pr. måned (1305 i 2016).

Facebookprofil

I 2014 fekk ein også sett opp ei eiga Facebook-side for soknet. Funksjonen for Facebook-sida er primært annonserande og marknadsførande, samt at ein lenkjer til oppdateringar på heimesida. Kyrkja i Askvoll har 386 tilhengarar pr. 31.12.2017, svakt opp frå 375 tilhengarar året før.

5.0 KYRKJER OG GRAVPLASSAR

5.1 Investeringar

Avslutta prosjekt 2017	Pågåande/ikkje-avslutta prosjekt 2017	Planlagde, men ikkje igangsette prosjekt 2017
Rehabilitering av takkonstruksjon, Kvammen kapell	Tilbygg Vilnes kyrkje (forprosjekt)	Parkeringsplass, Vilnes kyrkje/kyrkjegard
Sikring Holmedal gravplass mot Bakkeelva	Lyssetting ved Vilnes kyrkje	
Innvendig rehabilitering Kvammen kapell		

Utvendig rehabilitering Kvammen kapell

Takkonstruksjonen på kapellet er ombygd i 2017 for å hindre framtidige vannlekkasjar. Nytt nedløpssystem for takvatn er på plass. Ytterdører er også skifta ut med nye. Samla prosjektkostnad i 2017 var kr 3.208.196,-.

Sikring mot Bakkeelva

Ein fekk gjennomført anleggsarbeidet for sikring av Holmedal kyrkjegard og bårhus i 2017. Sikringa omfattar bygging av støttemur på om lag 25 meter langs elva og lenger oppstrøms i «flaumlandet» oppover mot brua er det lagt ut stein for å erosjonssikre området. Norges vassdrag- og energidirektorat yter tilskot til dette sikringsprosjektet. Prosjektkostnad i 2017 var kr 804.814,-.

Innvendig rehabilitering Kvammen kapell

Innvendig i kapellet er det nye golvflater i alle rom. Det er nytta vinyl i hallen, våpenhuset, toalettromma og sakristia og laminat i sjølve skipet og sidesalen. Vegg- og takflater er pussa opp, og toalettdelen i hallen er fullstendig rehabilitert. Her er mellom anna støypt heilt nye golvflater. Det eine toalettet er bygga om med tilpassing til rørslehemma. Alt av sanitærutstyr er nytt. Mykje av arbeidet innvendig har vore utført på dugnad. Samla prosjektkostnad i 2017 var på kr 1.333.262,-.

Lyssetting ved Vilnes kyrkje

Hovuddelen av arbeidet med utvendig lyssetting ved Vilnes kyrkje vart gjennomført i 2017. Grunna forseinkingar i leveranser for armaturmateriell vert ikkje armatura montert før i 2018. Prosjektkostnad kr 224.185,-.

5.2 Vedlikehald, inventar og utstyr (tiltak i VU-plan)

Ny køyretilkomst Gjelsvik gravplass

Eit stykke av steinmuren ved klokketårnet/portalen er teke bort, og det er sett inn ei ny smijernsport her. Dette for å lette tilkomsten til gravplassen for køyretøy og maskinar.

Ny komfyr til Kvammen kapell

Det er sett inn ein ny komfyr i kjøkkenet i kapellet.

Nytt flettverksgjerde på Stongfjorden gravplass

Det førre gamle gjerdet rundt gravplassen var utslitt. Dette er erstatta med eit nytt.

Oppussing og omtrekking av brudestolane i Askvoll

Stolane er nedslipte og lakka om. Dei har fått nytt trekk av same type som dei andre stolane i kyrkja.

Opprusting av tårnet på Vilnes kyrkje

Mellom anna skifte av kledning på tårnet grunna fukt-/lekkasjeskader.

Nytt kjøkken Askvoll kyrkje

Ny kjøkkeninnreidning er sett inn i dåpssakristiet i Askvoll kyrkje.

Slåtteutstyr

Det er kjøpt inn to nye grasklipparar og ein kantklippar. I tillegg har det vore nokre reparasjonar på dei to plentraktorane.

Ikkje realiserte tiltak i VU-plan 2017

- Ein fekk ikkje ferdig restaureringsarbeidet på lysekronene til Askvoll kyrkje, og dei er fortsatt på verkstaden i Bergen.
- Ein fekk ikkje skifta ut/repairert inngangsdøren til Stongfjorden kapell.
- Ein er heller ikkje i mål med planane om å fjerne/destruere gamle gravminne.


6.0 ØKONOMI

6.1 Driftsrekneskapen

Askvoll sokn hadde i 2017 eit mindreforbruk (overskot) på kr 1.401,- i driftsrekneskapen. Mindreforbruket i drift er føreslege avsett til disposisjonsfond.

Nøkkeltal

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Rekneskap 2016
Driftsinntekter	4991162	4817500	5149071
Driftsutgifter	4814013	4760800	4746103
Brutto driftsresultat	<u>177149</u>	<u>56700</u>	<u>402968</u>
Netto finansinntekter	365	0	977
Netto driftsresultat	<u>177514</u>	<u>56700</u>	<u>403945</u>
Bruk av avsetninger	128399	201000	126361
Avsetninger	-304513	-257700	-376363
Rekneskapsmessig mindreforbruk	<u>1400</u>	<u>0</u>	<u>153943</u>




Generell kommentar til rekneskapen:

Samla driftsinntekter i 2017 er kr 157.909,- lågare enn i 2016. Hovudårsaker til reduksjonen er at refusjonsinntekter er ned med kr 277.471,- etter at kulturskulen i Askvoll endra tenestekjøpsavtalen med soknet frå 01.01.2017, og inntektsført refusjonsinntekt ligg om lag kr 252.000,- lågare enn samanlikna med 2016.



For brukarbetaling, sal, avgifter m.v. ligg det og en reduksjon på kr 47.638,- samanlikna med 2016.

Samla driftsutgifter er opp kr 67.910,- frå 2016. Dette reflekterer ikkje dei reelle driftsutgifter ein ville hatt ved normal drift. Ein har hatt like i overkant av kr 200.000,- mindre i lønn- og sosiale utgifter i trusopplæringsstillinga som har vore vakant i 10 månader i 2017.




Pensjonsutgifter

Pensjonsutgifter har vore noko varierende dei siste åra. Premien som er belasta i 2017 var omkring kr 10.421,- høgere enn i 2016. Etter 2014 er det rydda opp i nokre feil i pensjons- og premiegrunnlaget



Festeavgifter

Inntekt for festeavgifter ligg omtrent 30% lågare i 2017 samanlikna med 2016.



Kommentar til kvar teneste

04100 – Kyrkjeleg administrasjon

Denne tenesta har eit mindreforbruk i forhold til budsjett på kr 52.482,-.

Største enkeltavvik her er kr ca. kr 35.193,- mindre i pensjonskostnad enn budsjettet.

04200 – Kyrkjer

Avvik på tenesta med eit meirforbruk på kr 89.425,-. Meirforbruk på energi låg på kr 41.128,-. Største avvika her er kr 41.128,- meir brukt på energi og 37.601,- på serviceavtalar og reparasjonar enn budsjettet.

Kr 89.349,- kom inn i gåver til kyrkjene, og saman med midlar frå kyrkjeofringar er det avsett kr 106.835,- til bunde fond knytt til kyrkjene.

04300 – Gravplassar

Samla mindreforbruk på tenesta er kr 36.941,-. Her er mellom anna brukt ca. kr 32.000,- mindre til vedlikehald enn budsjettet og ein har fått om lag kr 10.000,- meir i sjukelønnsrefusjon enn budsjettet. Her er vidare brukt omkring kr 12.000,- mindre enn budsjettet til pensjon.

04310 – Gravstell

Gravstell kr 3.200,- er finansiert med bruk av gravfond.

04400 – Anna kyrkjeleg verksemd

Tenesta gjekk om lag i balanse. Her er brukt kr 2.035,- frå bunde fond for kyrkjelydsarbeid for å saldere tenesta.

04420 – Trusopplæring

Denne tenesta påverker driftsresultatet mest i 2017-rekneskapen. Grunnen til dette er vakanse i kyrkjelydspedagogstillinga etter februar og ut rekneskapsåret. Grunna vakansen fekk ein eit overskot på deltenesta på kr 170.488,- og dette overskotet er avsett til bunde fond for trusopplæring.

Hovudfinansieringa her er statlege trusopplæringsmidlar, og unyttta tilskotsmidlar kjem til frådrag i framtidige tilskotsrunder.

04479 – Kyrkjeblad

Tenesta gjekk med kr 6.209,- i overskot og er balansert mot bunde fond for kyrkjeblad. Hovudårsaken til det er at ein har redusert talet utgåver til tre pr. år, og ikkje fire som tidlegare (2015). Ein fekk inn nær kr 15.000,- meir enn budsjettert i bladpengar, annonsesal og kyrkjeofringar.

6.2 Investeringsrekneskapen

Samla investeringar i 2017 i soknet var på kr 6.133.237,- (inkludert nettoavsetning til ubunde kapitalfond, kr 458.850,-). Avsetninga til kapitalfondet skuldast overskot på prosjekta


- Sikring mot Bakkeelva
- Innvendig rehabilitering av Kvammen kapell
- Parkeringsplass Vilnes

Dei desidert største investeringsprosjekta i rekneskapsåret var dei to prosjekta på Kvammen kapell, der ein samla har nytta kr 4.541.458,- i 2017 på desse.

På grunn av utfordringar med framdrift i prosjektet med utviding av parkeringsplassen ved Vilnes kyrkje, har ein måtte nedbudsjettere dette prosjektet til realisering etter 2017 (budsjettert i 2018).

To av investeringsprosjekta (utviding Askvoll kyrkjegard og brannsikring Vilnes kyrkje) som er rekneskapsført i 2017 dreier seg om etterslepskostnader frå tidlegare års prosjekt som er rekneskapsført i 2017. Samla kostnad for desse to prosjekta utgjer kr 154.411,- i rekneskapsåret.



Diagrammet nedanfor viser investeringane tre siste åra fordelt på prosjekt. Tala er inkludert meirverdiavgift.




6.3 Balanserekneskapen

	2017	2016	Endring
Bunde fond	1 230 416	1 256 493	-26 077
Disposisjonsfond	145 713	393 501	-247 788
Ubunde investeringsfond	458 850	159 617	299 233
Unytta overskot (drift)	1 401	153 943	-152 542
Unytta overskot (investering)	0	0	0
Total	1 836 380	1 963 554	-127 174


Gjennom rekneskapsåret 2017 har det vore ein reduksjon i summen av fondsmidlar og unytta overskot på kr 127 174,-.



Bunde fond (sokneråd) pr. 31.12.



Bunde fond (fellesrådsmidler) pr. 31.12.



7.0 FRAMBLIKK 2018-

- **Kyrkje- og gudstenesteliv**
 - *arbeide for å oppretthalde prestedekninga*
 - *askvoll kyrkje - utvida bruksområde som famnar om fleire*
- **Trusopplæring**
 - *rekruttere trusopplærar i ledig stilling*
 - *iverksetje fleire av tiltaka i vedteken plan*
- **Styrking og synleggjering av våre kommunikasjonsplattformer**
 - *kyrkjeblad*
 - *heimesider*
 - *sosiale medier*
- **Gjennomføringsevne for investeringsprosjekt**
 - *auke gjennomføringshastighet*
- **Styrkje det strategiske arbeidet**
 - *visjonsformuleringar og målstyring*
 - *betre merksemd på planarbeid, særleg innan diakoni og kyrkjemusikalsk arbeid*
- **Gravplassforvaltning**
 - *komme ajour med festeavtalar*
 - *finne løysingar for betre gravplassvedlikehald*
- **Økonomi**
 - *halde oppe driftsnivå, når det no vert reduserte driftsrammer frå 2018*
- **HMT-arbeid for verksemda og arbeidsmiljø**
 - *implementere HMT-systemet*
 - *satse på kompetanse- og personalutvikling*

10.04.2018

Rune Ziener